



TRONDHEIM SPORTSFISKERE

Postboks 2952, Sluppen
7438 Trondheim
Bankkto: 9235.20.84206

11.10.2007

Hei alle saman!

Her er informasjon om aktivitetane utover hausten.

Møte med Raoul Bierach.

For mange som fiskar laks i Trøndelag vart denne sommaren spesiell med freding og reiskapsrestriksjonar midt i fiskesesongen. Nokon har vel og følgt med i diskusjonane rundt dette og rykta om moglege endringar i fisket til neste sesong. På det første medlemsmøtet i haust skal vi få høyre litt meir om laksen og lakseforvaltninga, og korleis dei som styrer med fisket ser for seg at dette skal bli i framtida. På møtet kjem seniorrådgjevar Raoul Bierach frå direktoratet for naturforvaltning for å gi oss ei oversikt over statusen for den norske villaksen og kva retningslinjer direktoratet foreslår for forvaltninga av fisket framover. Her blir det både ein sjanse til å høyre korleis forvaltninga ser for seg fisket framover, og stille spørsmål ein måtte ha rundt lakseforvaltninga.

Etter møtet med Raoul Bierach vil Edvard Bergene vise bilete frå foreninga sin tur etter stor sjøaure til Nordland i september.

Møtet vert i Kromaten kantine på Gløshaugen **torsdag 25/10 kl 1900**. Det er fri parkering i området etter 1600. Dørene er i utgangspunktet låste, men vi vil sleppe inn folk mellom 1845 og 1900. Etter det må de ringe underteikna på 93205501 for å kome inn.

Møte med Pål Krogvold.

Pål Krogvold treng vel ingen nærare introduksjon for dei aller fleste i foreninga sidan han har besøkt oss fleire gongar tidlegare. Han er elles kjend som forfattar og foredragshaldar om fiske både i fersk- og saltvatn. Siste torsdag i november vil Pål Krogvold igjen kome til Trondheim, og denne gongen er det fiske i saltvatn som står på programmet. Tema for foredraget vert "*Flugefiske i Florida*", noko må bli eksotisk avveksling i mørket i november.



Møtet vert arrangert **torsdag 29/11 kl 1900** i Kromaten kantine på Gløshaugen. Det er fri parkering i området etter 1600. Dørene er i utgangspunktet låste, men vi vil sørge for at folk slepp inn mellom 1845 og 1900. Etter det må de ringe underteikna på 93205501 for å kome inn.

Flugebinding

Flugebindinga startar opp igjen **mandag 22/10 kl 2000**. Møt opp som tidlegare ved SINTEF Energiforskning, Sem Sælandsvei 11. Vi startar opp som tidlegare med flugebinding, men vil utover vinteren få til temakvelder om flugebinding. Vi oppmodar både rutinerte og nybyrjarar å møte opp på flugebindinga. Vi slepp inn folk mellom 1950 og 2000, etter det må de ringe nummeret som er slått opp på døra.

Kasting i Nidarøhallen

Det har vore litt fram og tilbake for å få tildelt tider for kasting i Nidarøhallen i vinter. No er dette på plass, og tidspunkta framover finn de i tabellen under. Legg merke til at tidspunktet varierer i år i motsetning til tidlegare.

Dato	Fra	Til	Hall
14.10.2007	1000	1130	NIDARØHALLEN A
14.10.2007	1300	1410	NIDARØHALLEN A
20.10.2007	2030	2200	NIDARØHALLEN A
03.11.2007	1905	2200	NIDARØHALLEN A
24.11.2007	2000	2200	NIDARØHALLEN A
01.12.2007	1945	2200	NIDARØHALLEN A
02.12.2007	0900	1445	NIDARØHALLEN A
08.12.2007	1800	2200	NIDARØHALLEN A
16.12.2007	1930	2030	NIDARØHALLEN A
06.01.2008	0900	1245	NIDARØHALLEN A
27.01.2008	0900	1130	NIDARØHALLEN A
03.02.2008	0900	1245	NIDARØHALLEN A
03.02.2008	0900	1245	NIDARØHALLEN A
29.02.2008	2115	2300	NIDARØHALLEN A
02.03.2008	1950	2030	NIDARØHALLEN A
09.03.2008	1950	2030	NIDARØHALLEN A
14.03.2008	2100	2300	NIDARØHALLEN A
30.03.2008	1955	2030	NIDARØHALLEN A

Vi vil og minne dei som enno ikkje har betalt kontingenten for 2007 om at det enno ikkje er for seint. Om nokon har betalt og ikkje får informasjon via epost eller vanleg post eller veit om nokon som ikkje får informasjon, ta kontakt med underteikna så får vi ordna opp i dette.


Minner og om at styret gjerne tar imot tips til aktivitetar og idear til foredrag eller tema for medlemsmøta.

For styret

Knut Alfredsen

Mob-tlf. : 93205501

E-post. : knut.alfredsen@ntnu.no



Fluebindeskvelder holdes her

Medlemsmøtet holdes her